



ÅRSMELDING FOR 2022 FOR FJELL KULTURMINNELAG

Fjell kulturminnelag har i 2022 hatt sitt 35. arbeidsår.

Desse har vore i styret for laget:

Ove Midttun	- leiar
John Einarsen	- nestleiar
Vigdis Landro	- kassastyrar
Olav Kobbeltveit	- skrivar
Jarle Vindenes	- styremedlem
Svein Olaf Drageland	- 1. varamedlem
Ingalis Malmo	- 2. varamedlem

Årsmøtet for 2021 vart halde i Knarrevikløa 16. mars 2022. Det møtte 12 medlemmar. Kulturleiar Christel Møvik-Olsen som skulle snakka om arbeid, samarbeid og prioriteringar innan kulturminnefeltet i Øygarden kommune, måtte melda avbod og difor vart berre årsmøtesaker handsama.

I meldingsperioden har styret hatt fem møte og handsama 19 saker. Møta har vore i kontorlokala til Sotra Gruppen på Vindenes.

Medlemar:

Laget har to æresmedlemar, Else Marie Kindt Hevrøy og John Einarsen, og 36 betalande medlemmar. Vi har sendt meldingar til folk som tidlegare har vore med i Fjell kulturminnelag, i von å få fleire inn som betalande medlemmar.

Valnemnd:

I meldingsåret sit Hallgeir Dale og Ingalis Malmo i valnemnda.

Aktivitetar:

Tilskipningar:

Torsdag 2. juni tok Annelise Grøm og Egil Sele imot oss i Gamle Hjelme kyrkje. Dei fortalde historia til kyrkja, og ikkje minst so framførde dei salmar og songar i gamal lokal tonedrakt. Det var 56

frammøtte som fekk med seg denne kulturopplevinga og i tillegg fekk dei servert kaker og kaffi.

Endeleg etter to år med pandemi vart "Langøymarknaden" halden som tillyst 27. og 28. august. Fjell kulturminnelag stilte med plakatbukk på Langøy der vi freista å få fleire medlemar med i kulturminnelaget. Vi selde "Båtar i Fjell" og talde folk til å melda seg på til "Allsong på kysten".

"Allsong på kysten" på Notloftet på Vindenes fekk vi gjennomført 10. september med noko avgrensa deltakartal – totalt 100 personar. Programmet var mykje slik vi har hatt det tidlegare år. "Klungerrosa" gledde oss med vakker song. Olav Kobbeltveit var festleiar/førsongar, og festlyden song seg gjennom eit nytrykt songhefte med tonefølgje av Olav Ulveseth og Bjørn Tore Hummelsund. Folk fekk servert lapskaus, kaffi/te og tebrød og kunne kjøpa drikke der dei sat ved borda. Økonomien i "Allsong på kysten" vart bra, ikkje minst takka vere god støtte frå eit 10-tals lokale verksemder.

Onsdag 26. oktober tok Peder Lie imot oss i gamlanaustet på Liaskjeret. Naustet er restaurert og fint dekorert med ymse reiskapar og gjenstandar frå fiskeriverksenda som folk på Liaskjeret har drive i mannsaldrar. Peder Lie fortalde historia om folka på Liaskjeret med utgangspunkt i lensmann P. C. Lie som flytta frå Fjell gard og slo seg ned på Liaskjeret. Fleire enn 50 interesserte møtte fram og fekk med seg ei god forteljing om djerv satsing på fiskeria. Vi fekk servert kaffi/te og tebrød.

Arbeid elles:

Nordvikkverna og Knarrevikløa har fått naudsynt tilsyn og vedlikehald. Smia på Ulveset har hatt vanleg tilsyn.

Etter ein god prosess med Sotra Link A/S, er planen for gang- og sykkelveg frå nye riksvegen fram til Kolltveit endra slik at stemmegarden i Stemma på Kolltveit ikkje vert bygd ned.

Frå styret har John Einarsen og Ove Midttun saman med folk frå Brattholmen vore i møte med Øygarden kommune om den gamle skulestova i Brattholmen. Administrasjonen har utarbeidd ein plan for å kunna berga bygget.

Kulturminnelaget fekk innbyding og Ove Midttun og Hallgeir Dale møtte på Nordsjøfartsmusèet i samband med at Sund sogelag heidra Arne Asphaug med Kulturminneprisen for 2022.

Deltaking i tilgrensande organisasjonar:

John Einarsen er med i styret for Hordaland Sogelag.

Ove Midttun møtte som utsending på årsmøtet/lokalhistoriske dagar i Hordaland sogelag i Granvin, Ulvik og Eidfjord 26. og 27. mars. Som ein del av programmet fekk utsendingane omvising i ungdomshuset og musèet i Granvin og foredrag om krigshendingane i Ulvik i heradstyresalen i det gamle kommunehuset i Ulvik. Årsmøtet vart halde i Eidfjord.

John Erik Ågotnes og John Einarsen vart nominert til styret for Stiftinga Knarrevikløa i 2022. John Erik Ågotnes bad om fritak. Styret etterkom søknaden om fritak, og Nils-Arne Ekerhovd gjekk inn i staden. Nils-Arne Ekerhovd er no styreleiar.

Gudveig Lillebø er kulturminnelaget sin representant i redaksjonen for "Havstrilen" som kom ut med nytt hefte i november.

Økonomi:

Økonomien i kulturminnelaget er bra.

For årsavslutninga for 2021 nytta kulturminnelaget rekneskapsfører, men kostnaden for denne tenesta var slik at styret fann ikkje å gå vidare med dette opplegget.

Kulturminnelaget løyvde 5 000 kroner til årboka "Havstrilen" i 2022 og 1 000 kroner i stønad til Gamle Hjelme kyrkje.

Vi har berre fått selt få eksemplar av "Båtar i Fjell" i 2022. Restopplaget av boka står på lager i Knarrevikløa. Overskotet etter "Allsong på kysten" var på nær 4 500 kroner.

Fjell kulturminnelag søkte og fekk 4 000 kroner i driftstilskot frå Øygarden.

Revisor er John Erik Ågotnes

Vindenes, 8. februar 2023

Ove Midttun (sign)

John Einarsen (sign)

Vigdis Landro(sign)

Olav Kobbeltveit (sign)

Jarle Vindenes (sign)